



Innkalling
av
Formannskapet

Møtedato: 11.01.2016
Møtestad: Nordhordlandshallen
Møtetid: 12:00 - 13:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 56 37 51 75, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 09:00 opplæring formannskapet (sjå vedlegg)
Kl. 11:30 lunsj
Kl. 12:00 møte formannskapet
Kl. 13:00 Styringsgruppa kommunereform

Sakliste

Saknr	Tittel
001/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/16	Godkjenning av møteprotokoll
003/16	Fastsetting av plantal for busetting av flyktningar og einslege mindreårige i Lindås i 2016 og 2017

5. januar 2016

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Hei!

Formannskapet skal ha politikaropplæring måndag 11. januar frå kl 0900 – 1200.
Det blir lunsj kl 1130.

Agenda og tidsplan

- Prosjektstyring i Lindås kommune – roller og prosessar (Kl 0900 – 1100)
- Prosjektmandat politisk styringsstruktur (Kl 1100 – 1130)
- Lunsj: 1130 – 1200
- Ekstraordinært FO: Sak om busetting om flyktningar (Kl 1200 – 1300)
- Styringsgruppemøte kommunestruktur (Kl 1300 – 1500)

Mvh



Hogne Haugsdal
Assisterande rådmann
Lindås kommune
Tlf: 99574946

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/16	Formannskapet	PS	11.01.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	16/29

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/16	Formannskapet	PS	11.01.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	16/29

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 17.12.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 17.12.2015
Møtestad: Strilatun
Møtetid: 09:30 - 09:45

Ekstramøte

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Ordfører
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Dag Hugaas	AP	Medlem
Anna K.Valle	SP	Medlem
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
May Eva Sandvik	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Leif Hosøy Sleire

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Janne Sund-økonomisjef, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
090/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
091/15	Godkjenning av møteprotokoll 03.12.2015
092/15	Manglande finansiering av investeringar i 2015

090/15: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

17.12.2015 Formannskapet

Ingen merknader, samrøystes.

FO - 090/15 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

091/15: Godkjenning av møteprotokoll 03.12.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

17.12.2015 FORMANNSKAPET

Ingen merknader, samrøystes.

FO - 091/15 VEDTAK

Møteprotokollen frå 03.12.2015 er godkjent

092/15: Manglande finansiering av investeringar i 2015

Rådmannen gjer følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret nyttar 15 422 000 kr av midlane avsett på fond for omtvista eigedomsskatt til å finansiere investeringane i 2015 i tillegg til finansieringa som kom fram av 2. tertialrapport. Kommunestyret vedtek oppsettet over finansiering av investeringane slik det går fram under saksutgreiinga.

17.12.2015 Formannskapet

Økonomisjef Janne Sund orienterte til saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 092/15 INNSTILLING

Kommunestyret nyttar 15 422 000 kr av midlane avsett på fond for omtvista eigedomsskatt til å finansiere investeringane i 2015 i tillegg til finansieringa som kom fram av 2. tertialrapport. Kommunestyret vedtek oppsettet over finansiering av investeringane slik det går fram under saksutgreiinga.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Kommunestyret	PS	
003/16	Formannskapet	PS	11.01.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
May Hundvin	15/4246

Fastsetting av plantal for busetting av flyktningar og einslege mindreårige i Lindås i 2016 og 2017

Vedlegg:

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016 - vedlegg frå Fylkesmannen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret gjer vedtak om å busette 55 flyktningar i 2016 der minst 20 er einslege barn og unge. For 2017 skal det busettast 63 flyktningar der minst 32 er einslege barn og unge.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I kommunestyrevedtak i sak 055/15 den 18.06.15 blei det gjort vedtak om at Lindås kommune vil ta ansvar for busetting av flyktningar, i tråd med føringar frå sentrale styresmakter. Som kjent har det skjedd omfattande tilstrøyming av asylsøkjjarar til landet, og dette fører til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge spesielt.

I kommunen er det starta eit omfattande planarbeid for å kunne møte det auka behovet for busetting, og Levekårsutvalet handsama sak om *Prosjektmandat forprosjekt busetting av flyktningar i kommunestyreperioden 2015-2016* den 01.12.15

I brev av 20.11.15 oppmoda Fylkesmannen i Hordaland Lindås kommune om å ta i mot 55 flyktningar i 2016, der minst 20 er einslege barn og unge, inkludert mindreårige flyktningar under 15 år som Bufetat har ansvar for. For 2017 er oppmodingstala 63 flyktningar inkludert 32 einslege barn og unge.

Vurdering

For at det skal bli gjort eit godt kvalitativt planarbeid med busettinga, ser ein behov for at det no må gjerast vedtak om kor mange kommunen skal ta i mot. Dette gjeld planarbeidet og berekning av forsvarleg bruk av inntekter og utgifter i samband med busettingane - med omsyn til fagpersonale innan helse, undervisning, fritid og oppfølging, behov for lokaler, og ikkje minst - arbeidet med å skaffe husvære til flyktningane.

Tidlegare år har ein hatt vanskar med å skaffe bustader. Men det siste halvåret har ein fått stadig nye tilbod om bustader til leige, og dei fleste er gode og eigna til føremålet. Det er viktig at vi kan gjere oss bruk av denne godviljen i utleigemarknaden, og at ein får tilstrekkeleg bakgrunn for å kunne inngå leigeavtalar og evt kjøp av husvære til målgruppene. Prosjektplanen skal leggjast fram for Levekårsutvalet i februar, og endelege plan skal vere ferdig til handsaming i Kommunestyret innan mai.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato
20.11.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/13528 363.3
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vi ber om at brevet vert distribuert til:

Ordførar
Rådmann

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016 - Lindås kommune

Fylkesmannen i Hordaland syner til tidlegare oppmoding om busetting av flyktningar i 2016 sendt 21.8.2015. Her oppmodar Fylkesmannen Lindås kommune til å busette minst 30 flyktningar i 2016, der fem av desse er einslege barn og unge. I dette brevet oppdaterer Fylkesmannen oppmodinga til kommunen for 2016 etter at busettingsbehovet for 2016 har auka.

Flyktningkrise og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg fører til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet Fylkesmannen tidlegare har oppmoda kommunane om.

Nasjonalt utval, som er samansett av representantar frå kommune og stat, har oppjustert tidlegare busettingsbehov og fastsett at det vil vere behov for å busette minst 18 000 flyktningar i 2016. Det er ein auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding på 14 000 for 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjusterte til minst 21 000 flyktningar, som er ein auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal på 13 200. For meir informasjon om behovet for busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider www.imdi.no/bosettingsbehov.

Det er ein sær stor auke i talet einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Oppdaterte prognosar viser at det er behov for å busette minst 4 400 einslege mindreårige i 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjusterte til minst 7 000 einslege mindreårige. Om lag 20 prosent av de einslege mindreårige er under 15 år. Med bakgrunn i dette går Fylkesmannen ut med en oppmoding til alle busettingskommunar om òg å busette einslege mindreårige.

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber Fylkesmannen Lindås kommune om å ta i mot 55 flyktningar i 2016, der minst 20 er einslege barn og unge. Bufetat har ansvaret for busetting av dei einslege mindreårige flyktningane under 15 år. Oppmodingstalet inkluderer òg desse.

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber Fylkesmannen Lindås kommune om å leggje til grunn følgjande førebels plantal for 2017:

- **minst 63 flyktningar i 2017, der minst 32 er einslege barn og unge. Bufetat har ansvar for busetting av einslege mindreårige flyktningar under 15 år. Plantalet inkluderer òg desse.**

Det er stor uvisse knytt til kor mange asylsøkarar som kjem til Noreg i 2016 og 2017. Fylkesmannen vil i løpet av 2016 oppdatere kommunen på busettingsbehovet for 2017 i det årlege oppmodingsbrevet, og så langt som mogleg gje førebels plantal for 2018 og 2019.

Fylkesmannen ønskjer å understreke betydninga av presise vedtak for det talet flyktningar som kommunen skal busette. Vedtak må fattast utan atterhald. Vi ber om at det ikkje vert fatta vedtak som inkluderer familiegjening eller som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Skulle det av ulike grunnar ikkje la seg gjere å realisere busettingsplassane i løpet av året, ber vi om at plassar som ikkje er vorte brukte blir overført til neste års busetting.

Økonomi og rammevilkår

I statsbudsjettet for 2016 og i tilleggsnummer om auka asyltilstrøyming foreslår regjeringa å auke det særskilde tilskotet med kr. 100 000 per einsleg mindreårige flyktning som vert busett i 2016, og eit ekstratilskot på kr. 50 000 per flyktning som kommunen busett i 2016 utover det talet kommunen vart oppmoda om for 2015. For meir informasjon om dei ulike tilskotsordningane som følgjer med busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider www.imdi.no

Kontakt med Fylkesmannen om oppmodinga

Fylkesmannen deltek gjerne på møter med kommunane om busetting av flyktningar. Det blir sendt eit brev til kommunane om dette i nær framtid. Om kommunen ønskjer meir informasjon om oppmodinga eller om busetting av flyktningar generelt, ta gjerne kontakt med Fylkesmannen i Hordaland.

For å leggje til rette for ei mest mogleg føreseieleg busetting i 2016, ber vi om tilbakemelding frå kommunen innan 31.12.2015. Vi ber dykk sende vedtaket skriftleg og på e-post til Fylkesmannen fmhopostmottak@fylkesmannen.no med kopi til KS v/Nina Gran nina.gran@ks.no.

Vi ser fram til eit fortsatt godt samarbeid med Lindås kommune!

Med helsing

Rune Fjeld
ass fylkesmann

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
IMDi Vest
KS v/Nina Gran